



Vedtekter for FAU ved Bryne ungdomsskule

§ 1– Foreldrerådet og Foreldrerådets arbeidsutval (FAU)

Foreldrerådets arbeidsutval (FAU) skal fremme fellesinteresser til føresette, vere bindeledd mellom føresette og skulen og jobbe for eit godt læringsmiljø for alle elevar. FAU har informasjonsplikt overfor alle foreldre. På vår skule informerer FAU føresette ved å legge ut referat og vedtak frå FAU sine møter på skulen si heimeside, og/eller via foreldre kontaktane.

§ 2 – Val av Foreldrerådets arbeidsutval (FAU)

Foreldrerådet vel eit arbeidsutval. Foreldrekontaktane og vara foreldrekontaktar er kandidatar til arbeidsutvalet. Valet vert gjennomført rett etter skulestart – innan utgangen av september.

§ 3 – Konstituering av FAU og valg til andre utvalg

FAU konstituerer seg ved at FAU-representantane vel leiar, nestleiar, kasserer, sekretær og styremedlemmer. FAU vel to representantar med personlege vararepresentantar til samarbeidsutvalet (SU). Leiaren for FAU skal være den eine av representantane.

§ 4 – Eventuelle komitear/fokusgrupper

FAU besluttar sjølve om det skal opprettast eigne komitear/fokusgrupper til spesifikke oppgåver, og kven som skal delta i desse gruppene.

§ 5 - Møter

FAU har møte cirka 5 gonger i året. Ekstraordinære FAU-møter blir haldne når 1/3 av medlemmane krev det. Møteleiing er leiarens ansvar. Dette ansvaret kan delegerast til andre medlemmer, men agendaen skal alltid vere kjend for FAU-leiar og resten av FAU. På vår skule offentliggjør vi innkallingar og møtereferat på skulen si heimeside, under eiga fane. FAU er vedtaksdyktig dersom 2/3 av medlemmane er til stede.

Årsmøte skal haldast seinast utgangen av september kvart år.

§ 6 – Oppgaver

FAU skal sørge for at dei plikter og oppgåver som framkjem av relevant regelverk, herunder bl.a Opplæringslovas bestemmelser, gjennomføres.

For øvrig beslutter FAU sjølv kva oppgaver det til ei kvar tid skal vere fokus på. Døme på oppgåver kan vera:

- Bidra aktivt til et godt læringsmiljø, handtering og forebygging av mobbing og oppfølging av bla kapittel 9 a i Opplæringslova
- Forberede og drøfte saker som skal opp i samarbeidsutvalet
- Vere aktiv bidragsytar til skulen si verksemd
- Ivareta og forvalte eventuelle økonomiske midlar i FAU
- Bidra til eit godt samarbeid mellom FAU og skule
- Fremje føresette sin innflytelse på barna sin skulegang
- Vere medarrangør for minst et av skolen sine foreldremøte

§ 7 – Økonomi

Bevillingar til FAU kan kun gis til formål som kjem alle skulens elevar direkte til gode. FAU har disposisjonsrett over midler som kjem inn. Rekneskap legges fram på siste FAU-møte om våren.

§ 8 – Teieplikt

Foreldrerepresentantar er automatisk underlagde teieplikta. FAU skal likevel ikkje behandle sakar som dreier seg om enkeltpersonar, enkeltelevar, enkeltforeldre eller skulens personale.

§ 9 – Konflikter i FAU

FAU skal være eit samlande utvalg med fokus på det beste for alle elevar. Det er viktig at det er høgde for ueinighet og diskusjon i FAU. Dersom det oppstår konflikter, må representantane halde seg saklege og ha alle elevar i sentrum.

§ 10 – Rektors rolle

Rektor har ansvaret for å legge til rette for eit godt heim-skule-samarbeid. Det inneber blant anna at rektor skal sørge for god kommunikasjon med føresette, ikkje bare enkeltvis, men også gjennom FAU og andre utvalg. FAU er føreste sitt organ, men det kan være nyttig å få informasjon direkte frå skulen si leiing. Dette styrer rektor sin deltaking på FAU-møter.

§ 11 – Samarbeid mellom FAU og andre utvalg på skulen

FAU på vår skule skal samarbeide med Elevrådet, Samarbeidsutvalet (SU) og Kommunalt Foreldreutval (KFU) ved å ha representantar i nemnde utval og ved å behandla alle saker som kjem frå Elevrådet.

§ 12 – Endringar av vedtektene

Forslag til endringar i vedtektene må sendes skriftleg til FAU-leiar, seinast tre veker før neste FAU-møte. FAU behandlar innkomne forslag og informerer alle foreldre om føretatte endringar.

Postadresse	Bryne ungdomsskule	Tlf	51776000	Rådhuset
Rådhuset Postboks 38 4349 Bryne	Sveinsvollsvegen 5 4340 Bryne	Tlf 51776440	Bryne ungdomsskule	